



Sæbø Landskapspark



STREIF i Sæbø Landskapspark Sundag 1. mai 2011



Foto: Jostein Vågenes

Tur 1: Gamlevegen over Radøy frå Alverstraumen til Sæbø

Kl 12.00: Felles start frå Sæbø ungdomshus med veteranbuss til Hilland, retur langs gamlevegen til Storheim, over Tjore og til Sæbø. Turen er lett å gå og høver for familiar med litt større born. Turen tek ca 2 timar.

Guide: Einar Borgund Billetter: kr. 50.-, Familie: kr. 100.-

Tur 2: Til «Plassen i skogen»

Lærar Eivind Hordvik er til stades frå kl 12-15

Høver for bornefamiliar. Her er det aktivitetsløype for store og små. Ungane kan svinga seg i taubane, små og store slengdisser og klatra i Tarzan tau. Plassen i skogen ligg langs stien mellom Tjorehagen og gangvegen. Merka med skilt og raude pinnar i bakken og brikker i trea. Ein kan og ta seg fram frå parkeringsplassen i Tjorehagen.

Tur 3: Gardsbesøk hjå Britt Sissel og Egil Kvamme.

Hestar, sauer og lam. Har du vorter? Då kan du få testa ut den gamle "vortekjedlo" på garden.

Merka løype ned til Litlavatne ovanfor Sæbøvågen. Lett tur for alle.

Kyrkja

Gudsteneste kl 11.00-12.00

Presten vert rodd frå Manger til Sæbø i Kystlaget sin gamle Kyrkjebåt: "Anna Tofto" frå 1800 tallet. Han kjem til prestebygga i Vågen ca kl 10.15. Herifrå går turen til kyrkja som i gamle dagar.

Tjorehagen

Open hage med omvisning.

Vaksne kr 55 -, Born (10-16 år) kr. 25.-

Ungdomshuset

0900-1100 Frukost

1300-1700 Middag og kaffimat

Vel møtt til ein hyggeleg stund i Ungdomshuset.

Frukost kr. 50, born kr.25

Tjore Gardsmat

Ope mellom 11 og 16.

Smaksprøver og sal av ulike kjøtvarer.

Hesteriding

I Sæbøvågen er det tilbod om

riding for born kl. 13-14. Kr.25.- / pr. tur. Born må ha fylgje med vaksne. Sjå skilting. På gangvegen på Solheim kan ein få kjøra med hest og vogn Kr 25.-/ pr tur.

Aktivitatar på Solheim

12-14 Gardsbesøk på Høyen for å sjå på sauer med nyfødde lam.

Aktivitatar i Sæbøvågen

11-17: Kjeipane Kystlag har open kafé med bl.a nubbesild og heimelaga flatbrød på Slippen.

Alle kan få testa ut sine ro ferdighetar og ta ro-knappen.

Segling med osevar og i dei to flotte ny sjølvbygde A jollene. Båttur i gavlbåten "Kjekken"

Planlegg ein hyggeleg dag for små og store i landskapsparken på Sæbø!